

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Bente Bing Kleiva	FA - A30	15/2314

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
42/2015	Utval for levekår	PS	08.09.2015

Serviceerklæring for Meland kulturskule

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Dei grundige og detaljerte vedtektene til Meland kulturskule er eit godt og viktig verktøy for kulturskuledrift. Dei tilsette ved kulturskulen ser at det er behov for ei kort og konsis serviceerklæring som fortel om innhald og gjensidige forventningar som supplement til desse og har utforma fire konkrete punkt:

- Meland kulturskule skal gje eit opplæringstilbod prega av kvalitet og variasjon tilpassa den einskilde eleven i dans, musikk, teater og visuell kunst.
- Meland kulturskule sine lærarar skal ha god kommunikasjon med heimane – god informasjonsflyt skal sikre alle tilpassa, planlagt og føreseieleg opplæring og gode opplevingar.
- Meland kulturskule er ein læringsarena der elevane skal komme godt førebudd til undervisninga, uansett disiplin – regelmessig og riktig øving over tid gjev alltid resultat.
- Alle elevar skal få tilbod om å ta del i minst to konsertar/framsyningar/utstillingar kvart skuleår – dette er ein integrert og viktig del av kulturskuleundervisninga.

Vurdering

I samband med utarbeiding av ramme- og læreplanar for kulturskulen har dei tilsette ved Meland kulturskule også sett på korleis innhald og forventningar vert formidla. Dei seier i si grunngjeving for tiltaket:

«Diffuse omgrep som «oppleving», «leik» og «eigen skaparkraft» har vore rådande i kulturskuleomtale, og desse er ikkje mindre viktig enn før. Men i tråd med den nye rammeplanen for kulturskulane utarbeidd av Norsk Kulturskoleråd ønskjer me og å nytte meir konkrete ord og vendingar for å skildre kulturskulen og kva kulturskulen driv med».

Punkta som er utarbeida konkretiserer på ein tydeleg måte kva kulturskulen skal levere og kva som

vert forventa av elever og foreldre og lærarar.

Ei slik tydeleggjing vil vonaleg betre kommunikasjonen mellom heim og skule.

Folkehelse – ikkje vurdert i denne saka

Miljø – ikkje vurdert i denne saka

Økonomi – ihar ingen økonomiske konsekvensar

Konklusjon

Serviceerklæringa vil vere ein god måte å formidle kva kulturskulen tilbyr og kva forvenningar elever og føresette kan ha til undervisninga. På same måte som skulen signaliserer kva som vert forventa av eleven og dei føresette.

Framlegg til vedtak:

Serviceerklæringa vert teken til etterretning. Meland kulturskule syter føre å gjere denne kjend for elever og føresette.

Utval for levekår - 42/2015

ULK - behandling:

ULK - vedtak:

Serviceerklæringa vert teken til etterretning. Meland kulturskule syter føre å gjere denne kjend for elever og føresette.